




Planstrategi 2024-2027 og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel



01.02.2024



Samandrag

Side | 1

Kommunal planstrategi er ein plan for kva kommunale planar Vang kommune skal utarbeide, revidere eller avvikle i inneverande kommunestyreperiode (2024-2027). Det er eit krav at den kommunale planstrategien skal bli vedteke seinast eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert. I planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. I førre planstrategi for 2020-2023 vart det vedteke at ein skulle starte opp arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i 2023. Det blir føreslege at ein i fyrste omgang vedtek ein forenkla planstrategi som berre tek for seg det lovpålagte kravet om å vurdere kommuneplanen. Når samfunnsdelen er vedteke kan ein på nytt ta opp att planstrategien og vurdere planbehovet i lys av måla ein har kome fram til i samfunnsdelen.

Kommuneplanen er kommunen sitt mest sentrale styringsdokument, og skal gje retning til kommunen si utvikling og arbeid, både som samfunn og organisasjon. Måla i samfunnsdelen vil legge føringer for alt planarbeid og kommunen sitt årlege handlingsprogram og budsjett. Revidering av samfunnsdelen tidleg i kommunestyreperioden vil gje betre tid og moglegheit å bruke den som eit politisk styringsverktøy. Målet er å leggje kommuneplanen sin samfunnsdel fram for sluttbehandling i løpet av 2024. Samfunnsdelen skal innehalde ein arealstrategi som legg føringer for arealdelen.

Innholdsfortegnelse

Samandrag.....	1
1. Innleiing	3
Side 2 2. Planstrategi.....	3
2.1. Innleiing	3
2.2. Vurdering av kommuneplanen.....	3
3. Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel.....	4
3.1. Innleiing	4
3.2. Formålet med planarbeidet	4
3.3. Prosess.....	4
3.4. Medverknad og organisering	5
3.5. Utgreiingsbehov/kunnskapsgrunnlag.....	6

1. Innleiing

I plan- og bygningsloven kjem det fram at alle kommunar skal utarbeide og vedta ein communal planstrategi seinast eitt år etter at det nye kommunestyret er konstituert. Formålet er å avklare dei viktigaste planutfordringane som kommunen står ovanfor, og å ta stilling til kva planoppgåver som skal bli prioritert den neste fireårsperioden.

Planprogrammet er ein plan for korleis kommuneplanen sin samfunnsdel skal bli utarbeida. Vang kommune har valt å la communal planstrategi vere ein del av oppstarten av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, ved at planstrategien og planprogrammet slås saman, då ein allereie i planstrategien for 2019-2023 sa at samfunnssdelen skal reviderast. Dette gir ein samanhengande planprosess og prosessen er også tidseffektiv. Dette dokumentet er difor delt i to hovudkapittel, kapittel 2 planstrategi og kapittel 3 Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vang kommune deltek i folkevald-programmet "Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel". Føremålet med deltaking i "Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel" er å få eit sterkare politisk eigarskap til kommuneplanens samfunnsdel (KPS), slik at denne blir godt forankra og nytta som eit politisk og strategisk styringsdokument utover i planperioden. Ein føresetnad for å få til dette er at KPS må vere ein forståeleg for alle kommunestyrerrepresentantane og det er ein fordel at samfunnssdelen blir revidert tidleg i kommunestyreperioden for å gje politisk eigarskap til planen.

2. Planstrategi

2.1. Innleiing

Med planstrategien skal kommunestyret kvart fjerde år vurdere behovet for å revidere kommuneplanen og ein kan ta stilling til det øvrige planbehovet. Desse vurderingane blir gjort i lys av utfordringsbiletet til kommunen og den politikken kommunestyret ynskjer å føre. Det er opp til kommunen om ein vil revidere planstrategien oftare enn det lovpålagte kravet som er kvart fjerde år. Eit alternativ kan vere at ein reviderer planstrategien årleg i samband med budsjettarbeidet.

2.2. Vurdering av kommuneplanen

Gjeldande kommuneplan, både areal- og samfunnsdel, vart vedteken den 18.12.2014.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna styringsdokument og legg føringer for Vang si utvikling. Ei revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel vil klargjere grunnlaget for ny politikk og legge til rette for at FN sine berekraftsmål blir lagt til grunn for organisasjonen. Måla i samfunnssdelen skal ta med seg FN sine berekraftsmål i ein lokal kontekst, og legge til rette ein økonomisk, sosial og miljømessig berekraftig utvikling. I tillegg skal det utarbeidast ein arealstrategi som vil legge føringer for kommuneplanen sin arealdel. Arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel vart starta opp i 2023 og ein har som mål å bli ferdig i løpet av 2024.

Kommuneplanen sin arealdel visar samanhengen mellom ynskja framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal følgje opp samfunnsdelen og leggje til rette for den nye arealstrategien. Kommunen ser for seg oppstart av arbeidet med arealdelen i løpet av 2024 og har som mål å bli ferdig i fyrste halvdel av 2026.

Side | 4

3. Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel

3.1. Innleiing

Samfunnsdelen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Den tar for seg heile kommunen, og set mål og strategiar for vidare utvikling. Planprogrammet skal leggje fram formålet med planarbeidet, planprosessen og opplegg for medverknad i arbeidet med samfunnsdelen.

3.2. Formålet med planarbeidet

Ein god samfunnsdel skal fungere som overordna politisk og administrativt styringsverktøy på kort og lang sikt. Planen må trekke opp dei lange tverrpolisitiske linjene og fastsette tverrfaglege, tverrpolisitiske og langsiktige hovudmål. Samtidig skal samfunnsdelen vere tydeleg på satsingsområde i valgperioden. Samfunnsdelen skal også inkludere ein langsiktig arealstrategi som blir bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen.

Kommunedirektøren meiner gjeldande samfunnsdel har ei innretning som i stor grad møter det utfordringsbilde kommunen står ovanfor. Samtidig er det nye forsterka utfordringar og nye lovkrav som er komme til etter at planen i si tid vart utarbeida som gjer at det er behov for ei revidering. For å nemne nokre tema som bør få eit auka fokus så er det berekraftsdimensjonen, klima, natur, samfunnstryggleik, aukande utanforskning, helse og omsorg, demografiutvikling, digitalisering, landbruk, behovet for å styrke folkehelseperspektivet og boligsosialt arbeid. Det vil også vere behov for en oppdatert arealstrategi. I gjeldande samfunnsdel er det utfordrande å finne retninga/den politiske prioriteringa på kort sikt for å nå dei langsiktige måla, dette ynskjer ein å spisse i ny samfunnsdel.

3.3. Prosess

Oppstart av planarbeidet blir varsle samtidig som forslag til planprogram blir lagt ut på høyring. Det er mogleg i høyringsperioden å vurdere planprogrammet, gje innspel til arbeidet med planen og kome med forslag til tema som skal utgreiaast og korleis utgreiingane bør bli gjennomført. Etter at planprogrammet har vore på høyring, og innkomne uttaler har blitt gått gjennom blir endeleg planprogram fastsett av kommunestyret. Fastsett planprogram vil ligge til grunn for utgreiingsprosessen og det vidare arbeidet med samfunnsdelen.

Tabell 1 Milepælsplan for arbeidet med samfunnssdelen. Ruter markert grått er milepæler som er utført.

Side | 5

Dato	Milepæl	Merknad
10.09.20	Vedtak av planstrategi 2020-2023: Revidering av KPS i 2023/24	
09.03.23	Formannskapet: Orientering om KS Folkevaldprogram Ny agenda for KPS	
23.03.23	Kommunestyret: Godkjenning av søknad om deltaking i Ny agenda for KPS	
12.05.23	Oppstartsmøte med prosjektgruppa KPS	
03.11.23	Folkevalddag 1 – Ny agenda for KPS med kommunestyret	
05.12.23	Folkevalddag 2 – Ny agenda for KPS med kommunestyret	
14.12.23	Kommunestyret: <ul style="list-style-type: none"> • Etablere politisk komité for medverknad til KPS • Leggje fram folkehelseoversikt og forslag til kunnskapsgrunnlag for KPS. 	
11.01.24	Politisk verkstad: Kunnskapsgrunnlag for KPS	
08.02.24	Kommunestyret: <ul style="list-style-type: none"> • Planprogram for KPS på høyring • Planstrategi 	6 veker høyring. Planstrategien følgjer prosessreglane for planprogram KPS
16.05.24	Fastsettjing av planprogram for KPS og planstrategi	
13.06.24	Kommunestyret <ul style="list-style-type: none"> • Planforslag KPS leggjast ut på høyring 	8 -10 veker høyring Høyringsfrist primo september
01.11.24	Folkevaldmøte KPS. Siste innspel, prioriteringar og finpuss	
14.11.24/12.12.24	Kommunestyret: <ul style="list-style-type: none"> • Sluttbehandling KPS 	

3.4. Medverknad og organisering

Plan- og bygningsloven skal sikre medverknad og ein open planprosess, og plan- og bygningsloven sine føresegner om høyring og offentleg ettersyn vil bli fulgt. Slik plan- og bygningslovens § 11-13 seier så skal planprogrammet for kommuneplanen på høyring og offentleg ettersyn, og planforslaget skal også på høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslovens § 11-14. Då gir ein alle, både private og offentlege aktørar, høve til å påverke kva problemstillingar som skal greiast ut i planarbeidet.

Kommunen har eit særskilt ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, mellom anna barn og unge. Det blir jobba med å sikre ei god involvering av alle dei kommunale råda, ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg blir det vurdert eit eige opplegg for å involvere barn og unge utover dette.

Det er viktig å sikre politisk eigarskap til denne planen. Administrasjonen vil støtte med å legge til rette, men det bør være politikken som står i front og tar ansvar for arenaene for medverknad.

Kommunestyret vedtok i sak KS 119/23 å etablere ein politisk komité for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, komiteen fekk følgjande namn: Politisk KPS-komité. Komiteen har følgjande mandat:

Side | 6

- *Det vert etablert ein politisk KPS-komité som består av ein kommunestyrerrepresentant frå kvart parti, pluss ordførar.*
- *Politisk KPS-komité skal arbeide med innhaldet i kommuneplanens samfunnsdel. Ramma er det vedtekne planprogrammet. Komiteen vil mellom anna få materiale / tekstuferslag frå prosjektgruppa som et utgangspunkt for sitt arbeid.*
- *Politisk KPS-komité legg til rette for, og bidrar til god forankring, medverknad og eit godt politisk eigarskap for revidering av kommuneplanens samfunnsdel. Dette gjeld både inn eigne parti, inn mot kommunestyret, andre folkevalde organ og råd for medverknad, og på aktuelle arena for innbyggjarmedverknad.*
- *Politisk KPS-komité har eit politisk blikk på den raude tråden mellom kommunens samfunnsdel og handlings- og økonomiplanen.*
- *Politisk KPS-komité involverast i planlegginga av politiske verkstader og andre aktuelle arenaer der kommuneplanens samfunnsdel er hovudtema*

3.5. Kunnskapsgrunnlag

I kommunestyresak KS – 112/23 vart dette vedteke som det ein ser på som kunnskapsgrunnlag for kommuneplanens samfunnsdel:

- [Folkehelseoversikt, Vang kommune 2023 - 2027](#)
- [Kunnskapsgrunnlag for Innlandsstrategien \(kortversjon\)](#)
- [Nasjonale forventningar for regional og kommunal planlegging 2023 - 2027](#)
- [Kommuneplanens samfunnsdel 2015 - 2027 for Vang kommune](#)
- [Bustadpolitisk plan, Vang kommune 2019-2028](#)
- [Boliganalyse for Valdres \(2022\), statusrapport bolig.](#)

Vedlagt saka ligg *Kunnskapsgrunnlag for kommuneplanens samfunnsdel* som er ei oppsummering av dokumenta over.

Folkehelseoversikten vil fungere som det overordna kunnskapsgrunnlaget, som viser hovudutfordringane me står overfor og helsetilstanden i befolkninga. Kunnskapsgrunnlag for Innlandsstrategien vil gi supplerande kunnskap om ulike tema som ikkje er med i folkehelseoversikten. Innlandet fylkeskommune har laga ein kortversjon av kunnskapsgrunnlaget for Innlandsstrategien. Dette kan nyttast som utgangspunkt, og så kan ein dukke ned i hovuddokumentet for meir kunnskap ved behov. Det noverande kunnskapsgrunnlag for Innlandstrategien inneholder kjenneteikn for Innlandet, og er eit godt utgangspunkt for vidare drøfting i Vang. Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremme ein berekraftig utvikling i heile landet. Kommunen skal følgje opp dei nasjonale forventningane i planstrategiar og planar. Dokumentet "Nasjonale forventninger for regional og kommunal planlegging 2023 - 2027" er med som kunnskapsgrunnlag for KPS. "Kommuneplanens samfunnsdel 2015 - 2027 for Vang kommune" skal også ligge til grunn som

kunnskapsgrunnlag i revideringa. I den tidlegare KPSen må ein ta vurderingar om kva som framleis er aktuelt, kva som manglar eller kva som har endra seg sidan førre plan vart utarbeida.
Bustadsituasjonen i Vang er utfordrande. Det er få bustadar på marknaden, både til leige og eige.
Bustadpolitisk plan og Boliganalysen vil vere nyttig som kunnskapsgrunnlag innanfor dette temaet.